
Saknr: 2020/49652-1
Saksbehandlar: Jan Heggheim

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 08.06.2020 |
| Fylkestinget | | 09.06.2020 |

Ekstraordinære tiltak korona, disponering av overskot til næringsretta tiltak 2019

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er uroa for konsekvensane av pandemien næringslivet i Vestland fylke og vil ta medansvar for å dempe verknadane utsette bransjar og lokalsamfunn. Fylkeskommunen sine tiltak, økonomiske eller andre, bør komplementere statlege, kommunale og private ordningar.
2. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap frå næringsmiljø og lokalsamfunn i samband med nedstenginga og konsekvensar ac Covid19. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
3. Vestland fylkeskommune ber om at staten løyver ekstraordinære midlar tilpassa dei aktuelle utfordringane næringsområdet i Vestland og at fylkeskommunen får ansvaret for forvaltinga av desse.

Samandrag

Vestlandet er fullt av bedrifter, næringsorganisasjonar og menneske med tiltakslyst. Dette medfører ein jamn straum av søknader til små og store prosjekt. Det kan like godt vere frå eksisterande institusjonar med behov for utviding og forbetring, som frå nye omfattande infrastrukturprosjekt. Desse søknadene kjem til enkeltavdelingar eller vert sendt direkte til representantar i fylkesutvalet/fylkestinget.

Avdeling for innovasjon og næring, er opptekne av å komme brukarar og interessentar elles i møte. Som ein illustrasjon kan nemnast at det kom 32 søknader om totalt 36 millionar kroner til første del av «tiltaksplan Vestland». Til dei ordinære utlysingane, der søknadene også vart skrivne i skuggen av korona, kom det inn totalt 117 søknader om 155 millionar kroner. Med resultat at vi i mindre grad har høve til å komme dei fleste av desse i møte.

Avdeling for innovasjon og næringsutvikling fremmar med dette prosjekt som er relatert til koronapandemien, og såleis er eit eingongstilfelle. Det er naudsynt med ei samordning av dette arbeidet slik at ikkje midlar som måtte vere tilgjengelege går til dei prosjekta som tilfeldigvis søker på rett tidspunkt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland står overfor den djupaste økonomiske krisa i moderne tid. Handtering av denne krisa vil krevje mykje av fylkeskommunen som regional koordinator og samfunnsutviklar. Dei næringsretta samarbeidspartnarane i Vestland, samordna av fylkeskommunen, har lenge hatt merksemda retta mot «den store omstillinga», det vil seie frå å vere avhengig av fossile ressursar til å bygge nye næringar på berekraftige vilkår. Koronakrisa har gjort at dette arbeidet vi tenkte vi hadde nokre år på å gjennomføre, no krev tiltak raskt. Vi ser per no ikkje alle konsekvensane av oljeprisfall og redusert aktivitet i olje- og gassektoren. Det vi veit er at konkursar og nedbemanningar i leverandørindustrien til olje og gass, fører til at industrien taper kapital, kompetanse, teknologi og verksemder som er ein føresetnad for grøn industriutvikling.

Vestland fylkeskommune har fått svært mange gode tilbakemeldingar på rask reaksjon i form av tiltakspakken. Vi er no i gang med handsaming av søknadene, og prosessen er kjenneteikna av korte søknadsfristar og kort sakshandsamingstid. Samstundes veit vi at nokre næringar kjem til å leve med konstant uro lenge. Avdeling for innovasjon og næring har disponert midlane vi rår over, både ordinære budsjettmidlar og reservar. Vi meiner det vil vere uheldig å møte neste fase av korona-pandemien utan å vere godt budde.

Fylkesrådmannen søkjer med denne saka å etablere rom for ein «Tiltakspakke 2» frå Vestland fylkeskommune.

Staten har ei rad med tiltak, det viktigaste for fylkeskommunen er å liste områda der vi kan gjere ein skilnad. Fylkeskommunen skal som hovudregel ikkje gje støtte til private verksemder. Dette er Innovasjon Norge sitt oppdrag. Dei har fått store ekstra statlege løyvingar. Vi vurderer difor ikkje auka ramme til Innovasjon Norge som aktuelt i denne saka.

Leverandørindustrien til olje og gass-sektoren:

Brått fall i oljeprisen gjer at utvinning og leiteaktivitet vil bli redusert. Etter kvart som kontraktar går ut eller blir terminerte, vil leverandørindustrien få full verknad av det som skjer. Vestland er «klyngefylket». Klyngeorganisasjonane er finansierte av staten. Fylkeskommunen vil ikkje kunne ta dei tyngste taka leverandørnæringane, men må vere vakne og stø initiativ til omstilling i dei verksemdene som nyttar seg av hjelpeapparatet. Inkubatorar og næringshagar, der fylkeskommunen no har oppdragsgjevaransvaret, og kommunale/regionale næringsfond er andre aktuelle verktoy.

Reiseliv

Satsing på reiseliv er viktig av tre grunnar: Næringa sysselset mykje folk, næringa sysselset for ein stor del menneske som ikkje finn arbeid i næringar med høge krav til utdanning, og sist, men ikkje minst: Kvar tredje krone av forbruket til dei besøkjande går til andre næringar enn overnatting, transport, servering og aktivitetar. Det gjer at verknadene i distrikta er ekstra viktige, og er hovudgrunnen til at fylkeskommunen og kommunane engasjerer seg mykje her. Mange av desse verksemdene er i mai 2020 inne i ei årstid er likviditeten er heilt nede på minimum, og er sårbare. For fylkeskommunen er der difor to utfordringar: Passe på at destinasjonsapparatet kan ta seg av rådgjeving og medverke til vellukka kampanjar mot ein nasjonal marknad.

Omstilling på tvers av bransjar

I kjølvatnet av korona-pandemien og lågare oljeinvesteringar er det venta at ein god del kommunar og område vert varig råka. Fylkeskommunen har difor bede om statlege midlar til omstilling i kommunar og utsette område. Dette gjeld statsbudsjettet for 2021 og eit nasjonalt omstillingsprogram som ligg under den distriktpolitiske satsinga. Det er i første omgang bede om 20-30 mill kr, og det vert synt til dei store utfordringane innan reiseliv og offshore leverandørindustri. Kommunal- og moderniseringsdepartementet forventar ei regional medfinansiering. Fylkeskommunen bør følgjeleg setje av midlar som skal dekke delfinansiering av innsatsen i samband med det nemnde omstillingsprogrammet. Det bør i første omgang setjast av ei fylkeskommunal medfinansiering på 5 mill kr. Så vil ein etter kvart sjå omfanget av kva omstillingsarbeid som er naudsynt.

Grøn konkurransekraft

Vestland fylkeskommune har lyst ut midlar til innovasjon og næringsutvikling i fylket. Av desse gjaldt heile 28 søknader området grøn konkurransekraft. Innafor temaområdet grøn konkurransekraft var det 70 millionar i søknadsbeløp til utlysinga av næringsmidlar med frist 15.

april i år. Den øyremerka potten til grøn konkurransekraft er kun på 3,5 millionar og med ein tilleggsøyving har Vestland fylkeskommune sjansen til å bidra til grøn nyskaping og få fart på økonomien som er hardt råka av covid 19. Vi gjer framlegg om å styrke søknadsordninga i 2020 for å ha midlar til rådvelde til andre og tredje søknadsrunde.

Eigendelar Horisont Europa

For å lukkast i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i Vestland er det viktig at VLFK nyttar moglegheitene som ligg i nasjonale og internasjonale program for å finansiere målretta prosjekt innan våre satsingsområde. I nokre av desse programma er det krav til eigendel, t.d. INTERREG-prosjekt (50 %) og nasjonale program, medan andre program har 100 % finansiering av kostnader, slik som EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa, men der kostnadene ligg i sjølve prosjektutviklingsfasen. Desse midlane har vi ikkje innafor gjeldande budsjettamme. Fylkesdirektøren ønskjer å sende ein søknad til Horisont Europa i løpet av 2021 med tema destinasjonsutvikling i reiselivet - korleis planleggje og forvalte destinasjonsområda etter Covid-19. Det vil og vere mogleg å få finansiering av prosjekt knytt til nullutslepp til sjøs gjennom Horisont Europa.

Fagskuleutdanning akvakulturteknologi

Gjennom INTERREG-prosjektet Right Skills for the Right Future (RIGHT), som Vestland fylkeskommune leiar, vert det arbeidd med ein pilot saman med Fagskolen i Hordaland der det skal utviklast ei utdanning innan RAS (Recirculating Aquaculture System). Utdanninga rettar seg mot sjømatnæringa i regionen vår som har eit stort behov for denne kompetansen i høve til omlegging av produksjonen til meir miljøvenlege metodar. Dette kompetansebehovet har også Vestland fylkeskommune avdekkja gjennom eigne undersøkingar, og utvikling av ei utdanning innan RAS vart derfor valt som ein pilot i RIGHT prosjektet. Havbruks- og sjømatnæringa har per i dag svært få vidare utdanningsmoglegheiter for sine fagarbeidarar, sjølv om dette er ei stor næring i Vestland. Utdanninga har ein til no ikkje fått finansiering for gjennom nye studieplassar frå staten, og den er ikkje fullt finansiert gjennom RIGHT. For å kunne gje dette tilbodet er det behov for kr 750 000,- for å fullfinansiere utdanninga saman med prosjektmidlar frå RIGHT. Eit døme på nasjonale program er KMD si utlysing av midlar til kompetansepilotar som fylkeskommunane kan søkje på. Føremålet er å teste ut metodar for å avdekke kompetansebehov og utvikle nødvendige utdanningstilbod. Til saman kan vi hente ut 4,5 millionar over tre år. Dette føreset 30 % i eigendel.

Oppsummering og tilråding:

Det vert gjort framlegg om følgjande avsetning frå overskotet 2019:

| | |
|--|------------------|
| Næringsutvikling: | |
| Tiltakspakke 2, reiseliv og leverandørindustri | 20 mill |
| Eigendel omstillingsmidlar og Horisont Europa | 8 mill |
| Grøn konkurransekraft | 5 mill |
| RAS-teknologi, fagskuleutdanning | 1,5 mill |
| Totalt til næringsutvikling | 34,5 mill |

Vedtakskompetanse

Fylkestinget er mynde knytt til disponering av fylkeskommunalt overskot frå 2019.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka er knytt til disponering av fylkeskommunalt overskot for 2019

Klima: Det vert initiert tiltak og satsingar som er knytt til grøn konkurransekraft og omstilling på tvers av bransjar og knytt til leverandørindustrien, olje og gass. Over tid vil dette positivt påverke samla utslepp i fylket vårt.

Folkehelse: Det å sikre sysselsetting og inntekter til næringslivet i ulike lokalsamfunn har ei stor verknad på helsa til innbyggjarane.

Regional planstrategi: Full sysselsetting, berekraftig verdiskaping og det å sikre busetnad i heile fylket vårt er sentrale politikkområder i satsingar utviklingsplanen og den regionale planstrategien.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har fått gode tilbakemeldingar på rask reaksjon i form av «Tiltakspakke Vestland». Vi er no i gang med handsaming av søknadene, og prosessen er kjenneteikna av korte søknadsfristar og kort sakshandsamingstid. Samstundes veit vi at nokre næringar kjem til å leve med konstant uro lenge. Avdeling for innovasjon og næring har disponert midlane vi rår over, både

ordinære budsjettmidlar og reservar. Vi meiner det vil vere uheldig å møte neste fase av korona-pandemien utan å vere godt budde.

Fylkesrådmannen søkjer med denne saka å etablere rom for ein «Tiltakspakke 2» frå Vestland fylkeskommune.

Det vert gjort framlegg om følgjande avsetning frå overskotet 2019:

Næringsutvikling:

| | |
|--|-----------|
| Tiltakspakke 2, reiseliv og leverandørindustri | 20 mill |
| Eigendel omstillingsmidlar og Horisont Europa | 8 mill |
| Grøn konkurransekraft | 5 mill |
| RAS-teknologi, fagskuleutdanning | 1,5 mill |
| Totalt til næringsutvikling | 34,5 mill |